

Saksframlegg

Saksbehandlar: Siri Merete Nedland, Opplæringsavdelinga
Sak nr.: 15/12491-1

Endringar i lokal inntaks- og formidlingsforskrift

::: **Sett inn innstillingen under denne linja** ↓

Fylkesrådmannen rår hovudutval for opplæring til å gje slik tilråding:
Hovudutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Lokal inntaks- og formidlingsforskrift vert vedteken slik den går fram av vedlegg 1.
2. Lokal inntaks- og formidlingsforskrift gjeld frå 09.12.2015, og skal nyttast frå og med inntaket og formidlinga for skuleåret 2016-17
3. Fylkesrådmannen har mynde til å gje utfyllande retningsliner til lokal inntaks- og formidlingsforskrift
4. Lokal inntaks- og formidlingsforskrift har forskriftsstatus og skal kunngjerast i Norsk Lovtidend snarast etter vedtaket i fylkestinget.

Fylkesrådmannen rår hovudutval for opplæring til å gjere slikt vedtak:

Som saksordførar i fylkestinget vert vald:

::: **Sett inn innstillingen over denne linja** ↑

... **Sett inn saksutredningen under denne linja** ↓

Vedlegg:

Framlegg til endra lokal inntaks- og formidlingsforskrift

Andre dokument som ikkje ligg ved:

Sak 28/14 i fylkestinget

SAKSFRAMSTILLING**Bakgrunn for saka**

Fylkestinget vedtok i sak 28/14 lokal inntaks- og formidlingsforskrift for Sogn og Fjordane. Bakgrunnen for dette var at Kunnskapsdepartementet 3.09.2013 fastsette nye kapittel 6 om inntak til vidaregåande opplæring og kapittel 6A om formidling til læreplass i forskrift til opplæringslova av 23.6.2006, nr.724.

Fylkesrådmannen viser til saksframstillinga i sak 28/14 i FT for meir utfyllande informasjon.

Utdanningsdirektoratet har i sin gjennomgang av lokal inntaks- og formidlingsforskrift for Sogn og Fjordane funne nokre punkt som ikkje er i samsvar med forskrifta til opplæringslova. Sogn og fylkeskommune vart gjort merksam på dette i ein e-post frå fylkesmannen i Sogn og Fjordane 26.10.2015.

Utdanningsdirektoratet sine merknader gjeld følgjande:

§ 6 Inntak på grunnlag av prestasjonar i idrett

Overskrift og formulering i §6 i lokal inntaksforskrift opnar for inntak på grunnlag av prestasjonar i idrett både på vg1, vg2 og vg3.

Dette er i følge Utdanningsdirektoratet ikkje i samsvar med § 6 i sentral forskrift, som seier at ein berre kan fastsetje særlege reglar for inntak på vg1.

§ 7 Inntak til særskilde yrkesfaglege utdanningsløp som leiar fram til yrkes- og studiekompetanse
I den lokale inntaksforskrifta står at søkjarar må ha minst karakteren 4 i matematikk og naturfag.

Dette er det ikkje heimel for i forskrift til opplæringslova.

§ 14 Søknadsfristar

Lokal inntaksforskrift nyttar nemninga «særskilt inntak».

Utdanningsdirektoratet viser til §6-8 i forskrift til opplæringslova som listar opp fem søkjargrupper som har søknadsfrist 1.2., og at omgrepet «særskilt inntak» ikkje skal nyttast som samlekategori.

Vurdering og konklusjon

Fylkesrådmannen si vurdering at vi må endre lokal inntaksforskrift slik at den blir i samsvar med forskrift til opplæringslova. Endringa knytt til inntak på grunnlag av prestasjonar i idrett vil kunne få konsekvensar for elevane. Dette gjeld elevar på vg2 og vg3 idrettsfag som kan risikere å måtte bytte skule om dei blir konkurrert ut på inntakspoeng.

1. *§6 Inntak på grunnlag av prestasjonar i idrett*

Vedteken ordlyd:

Sogn og Fjordane fylkeskommune har ordningar for inntak på grunnlag av dokumenterte ferdigheiter i idrett.

Søkjarar til desse ordningane må sende søknadsskjema med vedleggsskjema og dokumentasjon frå særkrins/klubb som stadfestar dei idrettslege prestasjonane.

Sogn og Fjordane idrettskrins prioriterer mellom søkjarane.

Søkjarar som vert prioriterte får 3 tilleggspoeng. Desse kjem i tillegg til konkurransepoenga.

Framlegg til ny overskrift og ordlyd:

§ 6 Inntak til vg1 på grunnlag av prestasjonar i idrett

Sogn og Fjordane fylkeskommune har to ordningar for inntak på grunnlag av dokumenterte ferdigheiter i idrett; Spissa idrettstilbod i vidaregåande skule for potensielle toppidrettsutøvarar og potensielle toppidrettsutøvarar.

Inntil 50 % av plassane på idrettsfag vg1 kan tildelast på grunnlag av ferdigheitsprøve (inntaksprøve), i tillegg til poengsum (konkurransepoeng) på grunnlag av karakterar.

Søkjarar til desse ordningane må sende søknadsskjema med vedleggsskjema og dokumentasjon frå særkrins/klubb som stadfestar dei idrettslege prestasjonane.

Sogn og Fjordane idrettskrins prioriterer mellom søkjarane.

Søkjarar som vert prioriterte får 3 tilleggspoeng. Desse kjem i tillegg til konkurransepoenga.

Fylkesrådmannen vurderer dei andre merknadene frå Utdanningsdirektoratet til lokal inntaksforskrift til ikkje å ha praktiske konsekvensar for korleis inntaket vert gjennomført. Fylkesrådmannen rår difor til følgjande presiseringar i ordlyden:

2. *§7 Inntak til særskilde yrkesfaglege utdanningsløp som leiar fram til yrkes- og studiekompetanse*

Vedteken ordlyd:

Inntaket vert gjort på bakgrunn av karakterar (konkurransepoeng) og intervju i bedrift.

Søkjarar må ha minst karakteren 4 i matematikk og naturfag. I tillegg må søkjarar ha avtale med skulen om læreplass i bedrift.

Framlegg til ny ordlyd:

Inntaket vert gjort på bakgrunn av karakterar (konkurransepoeng) og intervju i bedrift.

Søkjarar må ha avtale med skulen om læreplass i bedrift.

3. §14, Søknadsfristar, første ledd

Vedteken ordlyd:

Søknadsfristen er 1. februar for søkjarar som søker om særskilt inntak og spesialundervisning. For ordinære søkjarar er søknadsfristen 1.mars.

Framlegg til ny ordlyd i første ledd:

Søknadsfristen er 1.februar for søkjarar som; har enkeltvedtak om spesialundervisning, har enkeltvedtak om særskilt språkopplæring, nyleg komne til Noreg, rett til teiknespråksopplæring og søker om individuell behandling.

I tillegg er det fylkesrådmannen si vurdering at §5 Inntak til vg1 musikk, dans og drama, første ledd, må endrast som konsekvens av endringane i §6.

4. § 5 Inntak til vg1 musikk, dans og drama, første ledd

Vedteken ordlyd:

Inntil 50% av søkjarane kan få inntak på grunnlag av ferdigheitsprøve (inntaksprøve), i tillegg til poengsum (konkurranspoeng) på grunnlag av karakterar.

Framlegg til ny ordlyd i første ledd:

Inntil 50% av plassane til desse utdanningsprogramma kan tildelast på grunnlag av ferdigheitsprøve (inntaksprøve), i tillegg til poengsum (konkurranspoeng) på grunnlag av karakter.

Ny tekst er i vedlegg 1 merkt med raud tekst.

[... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑](#)